



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 18/00343
Arkivkode
Saksbehandler Line Steinsland Mosnes

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.
3 Fjell Sokneråd	06.12.2018	63/18

Høringa om ny kyrkjeordning

Fjell Sokneråd har behandlet saken i møte 06.12.2018 sak 63/18

Møtebehandling

SR drøfta saka med bakgrunn i kyrkjeverje sin uttale og eit framlegg til uttale frå eit medlem i rådet. Det er naturleg at SR drøftar saka ut frå soknet sitt arbeidsområdet og mynde. Difor er uttale frå sr gjeven med bakgrunn i framlegget frå medlem i sr.

Votering

Samrøystes vedtak

Vedtak

Fjell sokneråd sin uttale til høring om ny kyrkjeordning:

«Sr påpeikar at høringa språkleg sett verker som eit hastverksarbeid. SR sluttar seg elles til dei fleste av prinsippa som kjem fram i forslaget. Dette er eit viktig dokument som vil ha gjennomgripande verknad på alle plan.

SR meiner likevel at trus-grunnlaget til kyrkja må koma tydelegare fram før reglane kan nyttast som rettesnor i arbeidet. Slik utkastet ligg føre, minner det mest om ein forretningsorden/administrativ rettesnor, medan dette dokumentet bør reflektera overordna prinsipp og struktur.

SR er kritisk til at m.a. § 22 er endra i høve til Kyrkelovas §§ 10 og 11 når det gjeld soknemøtet sin rett til å avgjera saker som sjølvstendig organ i kyrkja. Dette bryt med det gamle prinsippet om at soknet er eit eige rettssubjekt fullt ut og er såleis ei innskrenking av soknet sitt mynde, tvert imot dei signala som har vore gjevne i prosessen til no (jamfør også dei lutherske tradisjonane om «det allmenne prestedøme» og artikkel 28 i Den augsburgske vedkjenninga). Rolla til soknet er redusert til ei underordna rolle der ho vert framstilt slik at ho ikkje er i tråd med utkastet til ny lov om trdomssamfunn der det er presisert at soknet skal vera eit eige rettssubjekt, jf §§9 og 10. Soknet er den viktigaste eininga i kyrkja.»